

Referat FAU-møte 8.september 2016

Tilstade på møtet: Rektor Monica Th. Waage (1. timen av møtet), Bodil Kaland 3.kl, Kristin Tredal 1.kl, Elin Gaulen 2.kl, Charlotte Grimstad 6.kl, Erlend Vaktskjold 4.kl, Trygve Kvalvåg 7.kl og Kristine Lunde 5.kl.

Dette er FAU med vara for skuleåret 2016/2017.

	FAU-representant	Klassekontakt/vara i FAU
1.	Kristin Tredal	Eli Sletten Solsvik
2.	Elin Gaulen	Randi Haukeland
3.	Bodil Kaland	Renate Treland
4.	Erlend Vaktskjold	Vidar Gjerstad
5.	Kristine Lunde	Tore Gjerstad
6.	Charlotte Grimstad	Janne Rabben
7.	Trygve Kvalvåg	Terje Fyllingsnes

1/16 – Møteplan skuleåret 2016/2017.

Måndagar kl 17.30 – 19.30. Seks møter, tre før jul og tre etter jul. Forslag til datoar frå leiar. Hausten 2016: 24.10 og 28.11. Datoar for vårhalvåret 2017: 30.01, 13.03 og 22.05.

2/16 – Div. info frå rektor.

1. Kva vil/kan FAU bidra med i året som kjem?

Skulen har hatt tilsyn, og blei godkjent med ein gong. Nokre ting bør gjerast likevel. Mellom anna merka gymsalen, tak over doen ute og forbetringar i kantina. I kantina ønskjer rektor nye bord og at vi kan gjera noko med lyden. Det er alt for god akustikk og det fører til mykje støy. Kan FAU bidra med noko av dette? Skulen ønskjer også at FAU lagar dugnad og syr «mapper» til materiell. Dei har meir behov for det, enn laminering og klipping som foreldra gjorde i fjor.

2. Parkeringsplassen – det jobbast vidare med å finna ei anna løysing for parkering av lærarane sien bilar. Her er ein ikkje komme fram til ei løysing endå. Ein har prøvd å kjøpa eller leiga meir land frå grunneigar utan hell.

3. Heim-skule kommunikasjon og div.

- a. Rektor oppfordrar oss til å bruke observasjonsstolen. Meld frå og bestill tid i godt tid, seinast dagen før (i arbeidsstida).
- b. Det blir to foreldremøter og to foreldresamtalar i året. Utanom dette kan ein få ekstra samtalar på ein bestemt dag kvart semester om ein ønskjer det. Dette syns vi i FAU er bra.
- c. It`s learning - alle foreldra skal no ha fått foreldrebrukar. Dersom du ikkje har foreldrebrukar, ta kontakt med Monica. Frå no av skal all info komma på It`s learning. Det blir frivillig kurs i bruk av It`s learning for foreldra i nær framtid.
- d. Det kjem også tilbod om kurs i lese- og skrivestøtteprogrammet Textpilot.
- e. Nasjonale prøvar og nasjonale kartleggingar går som på ein offentleg skule. Resultata frå i fjor var jamt over gode.

3/16 – Leikehytta –

Vi har fått rekning på materiellet til leikehytta. Dette skal vi dele med skulen. Det vart 5625 kr på kvar part.

Rektor lurte på kva FAU meiner om at ein klatrar på taket. Vi meiner at det ikkje er greitt å klatra på taket, fordi taket kan bli øydelagt. Vi må ta vare på tinga våre og no er heile veggen på kortsida der elevane klatrar opp skitten og full av «fotspor». Dersom den hadde vore malt, ville det gjort skade. Sjølve taket kan også bli øydelagt dersom elevar «herjar» på taket.

Maling av leikehytta. Dette skal nokre elevar gjere. Foreldra kan gå over etterpå.

4/16 – FAU vil prøve å gjere noko med forholda i kantina.

- a. Vi gjer 2000 kr til kjøp av tepper til den tomme veggen i kantina. Skulen kan kjøpa tepper på t.d. IKEA, liknande det som heng frå før og gje kvitteringa til FAU.
- b. Vi undersøker pris på nye bord til kantina. Vi vil prioriter nye bord, og håper å kunne kjøpe 9-10 klappbord med 80cm bredde. Kristin undersøker priser og produkt. For å kunna gjera dette treng vi inntekt.

5/16 – Dugnad for vennskap – dette skuleåret:

1. **Temakveld** – for foreldre, mulig samarbeid med andre skular? Kristine undersøker prisar og tema frå «Barnevakten» og mulig samarbeid.
2. **Sosiale arrangement for kvart kull** – vara har ansvar for å få i gang noko. Vi oppmodar til eit arrangement kvart semester. Det kan vera noko for berre elevane eller for elevar og foreldre. 4.klasse har alt hatt ein «bli-kjent-kveld» heima hjå vara no i september. Enkelt og kjekt.
3. **To felles sosiale arrangement for alle elvane i FAU sin regi.** (utanom julefest og sommarfest)
 - Vi vil ha bingo for foreldre og elevar, tysdag 25.oktober. Det blir kl. 17-18.30 for gruppe 1 (nord/sør) og 19.00-20.30 for gruppe 2. Sal av kaker, bollar, kaffi og saft. Dette er sosialt og vi kan få litt inntekt til FAU.
 - Det andre arrangementet, blir etter jul. Her vil vi at elevrådet skal undersøka i gruppene kva elevane ønskjer. Dei kan velja mellom ulike arrangement. Desse blir arrangert delt for gruppe 1 og 2 (som bingoen). Dei kan velja mellom: Diskotek, karneval, hobbykveld og kokkekveld (matlaging). Elevrådet må komma fram til eit av alternativa, og svara FAU.

6/16 – Vennebenk

Trygve leverer vennebenken til Elin for maling innan 1.oktober.

7/16 – Dugnad

FAU jobbar med eit dugnadshjul for skulen, og vil ta det opp på neste møte. Her er eit forslag:

Klasse:	Dugnad:	Tidspunkt for dugnaden:
1.klasse.	Slå og rake graset på skulen sitt uteområde.	Mai?
2.klasse		
3.klasse	Slå og rake graset på skulen sitt uteområde.	Juni
4.klasse	Arrangere julefest	Desember
5.klasse	Slå og rake graset på skulen sitt uteområde.	August – før skulestart.
6.klasse	Arrangere julefest	Desember
	Arrangere avslutningsfest for 7.klasse	Juni
7.klasse		

8/16 – Økonomi

FAU treng pengar, og vi diskuterte litt om kva vi kan gjere for å få inntekt utanom julefest og sommarfest. Vi vil i første omgang prøve å tene litt på bingokveld 25.10.

Vi har 14 369 kr på konto. Det går ut 5625 kr for materiale til leikehytta og 2000kr til tepper i kantina.

6/16 – anna:

- a. Maling av gymsalen – Trygve hører med Montèr om sponing av maling. Vi diskuterte om dette blir fint over lengre tid, dersom malingen blir skrapa vekk. Vi tar dette opp neste møte.

Nytt FAU - møte blir måndag 24.oktober 17.30 – 19.30.

Referent Kristine Lunde.

Hundvin 8.september 2016